
Fra: Merethe Tvedt
Sendt: 23. juli 2015 17:24
Til: 'rsudmann@online.no'
Emne: Tiltak på gbnr 1/1

Hei Roar Sudman,

I forbindelse med at jordtippen på Dykkar eideom på gbnr 1/1 ikkje er ferdigstilt, og løyve er gått ut hadde vi på byggesak og landbruk eit møte med deg som tiltakshavar om vidare saksgang i februar 2015.

Det blei diskutert mulige løysningar for tiltaket, og administrasjonen kom fram til at jordtippen måtte omsøkjast på nytt.

Sidan nokon av felta/ areala av tippen ikkje er ferdig, skulle du lage ein framdriftsplan for tiltaket med eit tidsperspektiv for endeleg ferdigstilling av heile jordtippen.

Administrasjonen mottok søknaden din 9.4.2015. Det er ikkje vedlagt framdriftsplan for ferdigstilling og søknaden inneheldt ikkje nok opplysningar til at kommunen kan handsame søknaden.

Det blei i same møte diskutert muglighet for mellomlagring av massar i forbindelse med vegutbygginga på Flatøy.

Administrasjonen informerte om at mellomlagringa kunne gå inn under unntaksbestemmelsen i Plan- og bygningslova (den gang, Pbl § 20-3 bokstav f og vidare SAK 10 § 4-2), då det var i direkte tilknytning til anleggsarbeidet til Implenia. Tiltakshavar skulle sende inn opplysningar om tiltaket slik at administrasjonen kunne vurdere om det kom inn under denne bestemmelsen. Dette er ikkje innsendt.

Basert på telefonsamtale i ettertid og opplysningar i møtet har administrasjonen no vurdert at tiltaket vil komme inn under unntaksbestemmelsen i Pbl , og kan unntas frå søknadsplikt til mellomlagring av massar i anleggsperioden. (Det vert vist til Pbl § 20-5 og SAK § 4-2).

I forbindelse med mangefull søknad om jordtippen, vil administrasjonen avtale eit møtet med Dykk etter august månad!

Ønsker deg ein god sommar!

Men venleg helsing

Merethe Tvedt
Byggesakskonsulent
Meland kommune
e-post: merethe.tvedt@meland.kommune.no



Meland kommune

- *Eit samfunn for alle* -